

Tabell 2-fk

Innbyggjartilskot til fylkeskommunane (kap. 572, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom fylkeskommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gjeve ei særskild fordeling er trekte ut, jf. kolonne 9 i tabell C-fk). Deretter skjer det ei omfordeling mellom fylkeskommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og overgangsordninga. Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den einskilde fylkeskommune vil difor ikkje vere klar før i februar 2018. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og overgangsordninga er reine omfordelingar mellom fylkeskommunane.

Det blir kvart år gjort ei rekkje korrigeringar i rammetilskotet på grunn av endringar i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå, regelendringar, nye oppgåver, innlemming av øyremerkte tilskot o.a. Korrigeringar for 2017 er vist i innleiingsteksten, side 6, og er nærare omtala i Prop. 1 S (2016–2017) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og overgangsordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2016. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2017.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 572 post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-fk) er trekte frå. Løyvinga på kap. 572, post 60 er i overkant av 32,1 mrd. kroner. Av dette blir om lag 3,1 mrd. kroner gjeve med ei særskild fordeling.

Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle fylkeskommunane. For 2017 er innbyggjartilskotet før omfordeling (ekskl. saker med særskild fordeling i tabell C) 5 553 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følgje av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er dokumentert nærare i tabell A-fk.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av åtte saker med særskild fordeling i 2017. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er dokumentert nærare i tabell C-fk.

Kolonne 4 – Overgangsordninga

Kolonne 4 viser overgangsordninga. Fylkeskommunar som får negativt utslag i fordelingsverknadene ved nytt inntektssystem i 2015 får att 2/5 av tapet i overgangsordninga, mens fylkeskommunar som vinn på fordelingsverknadene får redusert auken med 2/5 i

overgangsordninga. Overgangsordninga er prisjustert til 2017-kroner. Sjå tabell B-fk for nærare dokumentasjon av overgangsordninga for 2017.

Kolonne 5 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og overgangsordning

Kolonne 5 viser samla løyving på kap. 572, post 60 i 2017, i alt 32 139 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og overgangsordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 4. Kolonnen er òg vist i tabell 1-fk, kolonne 1.